

Løpe-nr.	Skrivemåte i off. bruk / forslag	Namne-objekt	Vedtak	Merknader
1		Øygruppe i sjø	Bjørnarøyane	<p><u>Uttale:</u> Fellesnamnet på dei to øyane er nemnt med dialektskrivemåten Bjødnarøyane på s. 536 og 540 i Tysnes gards- og ættesoge 1 frå 1986.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er i samsvar med § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn at namnet på øygruppa, som er primærnamnet til Stora og Litla Bjørnarøy, vert formalisert for offentleg bruk: "I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på." Førelekkjen Bjørn- er eit vanleg ord i norsk, og det går fram av § 1 fyrste ledd i forskrifta at ålment kjende ord og namneledd skal fylgja gjeldande rettskriving.</p> <p>Bjørnarøyane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd og § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn.</p>
2	Stora Bjørnarøya / Stora Bjørnøy / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Stora Bjørnarøy (hovudnamn) / Søra Bjørnarøy (undernamn)	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 1 er både søre Bjødnarøyo og Store Bjødnarøyo brukt, og det er grunn til å rekna med at det er relativt talemålsnære skrivemåtar. Jf. òg Litla Bjørnarøy (løpenr. 4) nedanfor.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> st Bjørnarøy i gradteigskart frå 1923, 1931, 1937, 1954, 1960 og 1972, Bjørnatog (!) i Norge 1:50 000 frå 1952, st Bjørnarøya i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995, store Bjørnarøya i utgåva frå 2008, Stora Bjørnarøya i utgåva frå 2010, Vesle-Bjørnarøy i økonomisk kartverk frå 1968, der dette namnet og Store Bjørnarøy er bytte om, Bjørnarøy i sjøkart frå 1956, 1967, 1981, 1992 og 2003.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Tveit bygdelag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Stora Bjørnarøy i ubunden form. Dei meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stora Bjørnarøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Stora med -a i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Same regel gjer seg òg gjeldande for bruken av ar- i Bjørnarøy, som ut frå uttaleopplysningane har grunnlag i den nedervde, lokale uttalen. Bruken i bygdeboka av både "søre" og "Store" tyder på at baa delar har lokal tradisjon, og bruken av "Søra" vert òg indirekte stadfest gjennom bruken i matrikkelen av "Nordre Bjørnarøy" om bruk 43/5, som dekkjer Litla Bjørnarøy. Når baa namn har tradisjon lokalt, er det rom for at baa namn òg kan vera i offentleg bruk. Sidan "Stora" har sterkast tradisjon i kart, er det rimeleg at namneforma med det variasjonstillegget vert sett som hovudnamn. Sjå elles vedtaksbrevet når det gjeld endinga -øy.</p> <p>Stora Bjørnarøy vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Søra Bjørnarøy vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
3	Store Bjørnarøy	Bruk 43/4	Stora Bjørnarøy (hovudnamn) / Søra Bjørnarøy (undernamn)	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Store Bjørnarøy i målebrevet frå 1959 og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 2.</p>

4	Vesla Bjørnøy / Vetla Bjørnarøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Litla Bjørnarøy (hovudnamn) / Nordra Bjørnarøy (undernamn)	<p><u>Uttale:</u> Namnet er lese inn med uttalen /lit`la bjød`narøy/ på Hordanamn, som er ein nettstad for lokalinnsamla stadnamn i Hordaland. Både Litle Bjødnarøyo og Nore Bjødnarøyo er brukt i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 1, og det er grunn til å rekna med at det er relativt talemålsnære skrivemåtar.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I Bjørnarøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, I Bjørnarøya i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995 og 2001, Vesla-Bjørnøy i utgåva frå 2010, Store Bjørnarøy i økonomisk kartverk frå 1968, der dette namnet og Vesle-Bjørnarøy er bytte om,</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Litla Bjørnarøy i ubunden form. Dei meiner at det ikkje er rett med endinga -øy.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Litla Bjørnarøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket gjer her tilsvarande vurdering som for Stora Bjørnarøy når det gjeld skrivemåten. Bruksnamnet på bruk 43/5, som dekkjer denne øya, har vore Nordre Bjørnarøy i matrikkelen, og både Litle og Nore er brukt i bygdebøkene, noko som samla sett tyder på at båe delar har lokal tradisjon. Litla har sterkast tradisjon i kart, og den munnlege lokale tradisjonen for dét namnet er dokumentert. Dermed er det rimeleg å vidareføra det som hovudnamn, medan Nordra Bjørnarøy kan vidareførast som undernamn. Litla Bjørnarøy vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Nordra Bjørnarøy vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
5	Nordre Bjørnarøy	Bruk 43/5	Litla Bjørnarøy (hovudnamn) / Nordra Bjørnarøy (undernamn)	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Nordre Bjørnarøy i målebrevet frå 1959 og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 4.</p>
6	Flatøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø, sør for Teistøy	Flatøy	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 571 er namnet nytta med dialektskrivemåten Flatøyo. Jf. òg løpenr. 7.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Flatøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Flatøya i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, 2002 og 2011 og i økonomisk kartverk frå 1968, Flatøy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Flatøyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Flatøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå vedtaksbrevet.</p>

7		Gard 112	Flatøy (hovudnamn) / Hommervik vert sett som historisk namneval	<p><u>Uttale:</u> Namnet på gnr. 112 er ført opp med namnet Hommervik, men med merknaden "Kaldes /fla:ˈtøinó/" i bokverket Norske Gaardnavne.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Flatøyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Flatøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå vedtaksbrevet når det gjeld skrivemåten av Flatøy. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 536 står det at Hommervik utelukkande er ei skriftleg form, og at namnet har heft ved garden på grunn av uklare formuleringar i 1665-matrikkelen og mistydingar i dei eldste kjeldene på grunn av det. Opphavet er ifylgje bygdeboka gardsnamnet Humlevik (gnr. 108 og 109), som var opphavsgarden til Flatøy. I namnesamlinga på Hordanamn er ei vik på øya kalla Humrevik, som er ei normert form av oppskrivarforma Hummervik, men det er truleg berre ei mistyding som kjem av at nokon har opplyst det formelle gardsnamnet, og at nokon i neste omgang har tolka det som namn på vika.</p> <p>Flatøy vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet på garden i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Hommervik vert sett som historisk namneval.</p>
8	Flatøen	Bruk 112/1	Flatøy	Jf. løpenr. 7
9	Flatøen	Bruk 112/2	Flatøy	Jf. løpenr. 7
10	Fortøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Fortøy	<p><u>Uttale:</u> Det ligg ikkje føre konkrete uttaleopplysningar, men det avleidde namnet Fortøysundet er innlese med uttalen /fårˈtøysundə/ på nettstaden Hordanamn. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 2 (1987), s. 28 er øynamnet nemnt med dialektskrivemåten Fortøyo.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Fortøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Fortøya i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001 og 2010, Fortøy i økonomisk kartverk frå 1968 og i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Fortøyo i bunden form, og kommunen skriv at namnet er nemnt med o-ending i ei gamal kjelde frå 1835.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fortøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå vedtaksbrevet.</p>
11	Fortøen	Bruk 57/5	Fortøy	Jf. løpenr. 10

12	Godøya / Godøyane	Namnegard, gnr. 100, 101 og 102	Godøyane	<p><u>Uttale:</u> I bokverket Norske Gaardnavne er gnr. 100 og 102 førde opp med uttalen /gåi' ó/. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 387 står det at daglegnamnet er Gøyena. Ifylgje Norske Gaardnavne kjem namnet Godøy av gamalnorsk *Goðøy, som er samansett av goð n. '(heidensk) gud' og øy.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Godøyane i Den norske los frå 1965, 1975, 1982, 1990, 2006 og 2012, og i boka Tysnes - det gamle Njardarlog frå 1975. Ifylgje Norske Gaardnavne er namnet på dei to gardane Stora og Vetla Godøy i eldre kjelder skrive Gudøn i 1519, Gudøenn i 1563, 1610 og 1612, Gudøenn og Lille Gudøe i 1668 og Store og Lille Gudøen i 1723.</p> <p><u>Vurdering:</u> I offentleg bruk har skriftradisjonen eintydig halde på fullforma av namnet Godøy- utan samandraging til Gøy-, slik uttalen har. Det har heller ikkje kome ynske lokalt om den samandregne forma Gøyene eller Gøyo lokalt. Uttalen med hard g syner òg at framlyden opphavleg har hatt ein bakre vokal (o eller u) etter seg. Ein kunne gjerne ha venta forma *Gøyane her sidan øy i fleirtal elles har forma /øyane/ i bunden form fleirtal, men her har nok koplinga til ordet øy vorte tilslørt i og med samandraginga Godøy- > Gøy-, noko som vidare har gjeve namnet linn hokjønnsbøying. Når ein nyttar fullforma Godøy-, er det derimot naturleg at namnet får vanleg fleirtalsform -øyane slik som elles, sidan endinga -øy då ikkje vert tilslørt på same måten, og skrivemåten Godøyane ser òg ut til å vera vanleg brukt både offentleg og i lokallitteraturen.</p> <p>Godøyane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
13	Stora Godøya / Store Godøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Stora Godøy	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 387 står øynamnet nemnt med dialektskrivemåten Gøyo og med Stora-Godøy i parentes.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> st Godøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, st Godøya (om øya) og st Godøy (om garden) i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, store Godøya (om øya) og store Godøy (om garden) i utgåva frå 2002, Stora Godøya (om både øya og garden) i utgåva frå 2011, Store Godøy i økonomisk kartverk frå 1968, st Godøy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Stora Godøy i ubunden form, og meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stora Godøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Hovudlekken i namnet får skrivemåten Godøy-, jf. løpenr. 12. Førelekken Stora får endinga -a i samsvar med pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Sjø elles vedtaksbrevet når det gjeld endinga -øy.</p>

14	Stora Godøya	Gard 100	Stora Godøy	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 404 er namnet nytta med dialektskrivemåten Stora-Gøyo.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Godøen store i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel. Sjå elles løpenr. 13 ovanfor.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Stora Godøy i ubunden form, og meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stora Godøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 13.</p>
15	Store Godøen	Bruk 100/1	Stora Godøy	Jf. løpenr. 13 og 14
16	Store Godøen	Bruk 100/3	Stora Godøy	Jf. løpenr. 13 og 14
17	Vetla Godøya / Vesla Godøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Vetla Godøy	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 387 står øynamnet nemnt med den dialektskrivemåten Vetle-Gøyo, medan bokverket Tysnes - det gamle Njardarlog (1964 og 1975) har Vetla-Gøyo.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I Godøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, vle Godøya (om øya) og vle Godøy (om garden) i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, vetle Godøya (om både øya og garden) i utgåva frå 2002, Vetla Godøya (om både øya og garden) i utgåva frå 2011, Vesle Godøy og Lille Godøy i økonomisk kartverk frå 1968 (på to tilstøytande kartblad), I Godøy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Vetla Godøy i ubunden form. Dei meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetla Godøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Hovudleken i namnet får skrivemåten Godøy-, jf. løpenr. 12. Tysnes ser ut til å vera eit overgangsområde mellom bruken av ordformene litle og vetle. I namnet Litla Bjørnarøy (løpenr. 4) har Litla talemålstradisjon, men her ser det ut til å vera tradisjon for Vetla. Inkonsekvensen i bygdeboka mellom Stora med -a i Stora-Gøyo og Vetle i Vetle-Gøyo må vera tilfeldig, og kan neppe ha talemålsgrunnlag. Mønsteret elles i talemålet i regionen tilseier -a i hokjønn ved linn adjektivbøying, slik ein òg finn med bruken av Vetla-Gøyo i bokverket Tysnes - det gamle Njardarlog.</p> <p>Vetla Godøy vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>

18	Vetle Godøya	Gard 102	Vetla Godøy	<p><u>Uttale:</u> I bokverket Norske Gaardnavne er gnr. 100 og 102 førde opp med uttalen /gâi' ó/. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 3 (1989), s. 424 er namnet nytta med dialektskrivemåten Vetle-Gøyo.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Godøen lille i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel. Sjå elles løpenr. 17 ovanfor.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Vetla Godøy i ubunden form. Dei meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetla Godøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 17.</p>
19	Lille Godøen	Bruk 102/1	Vetla Godøy	Jf. løpenr. 17 og 18
20	Lille Godøen	Bruk 102/2	Vetla Godøy	Jf. løpenr. 17 og 18
21	Koløya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Koløy	<p><u>Uttale:</u> Namnet er lese inn med uttalen /kå:l'øyo/ i den lokale namnesamlinga på nettstaden Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Koløy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Koløya i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, 2002 og 2011 og i økonomisk kartverk frå 1968, Koløy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Koløyo i bunden form.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Koløy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå vedtaksbrevet.</p>
22	Kåløy	Bruk 113/23	Koløy	Jf. løpenr. 21
23	Midtøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Midtøy	<p><u>Uttale:</u> Namnet er lese inn med uttalen /mitt'øyo/ i namnesamlinga på nettstaden Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Midtøy i gradteigskart frå 1923, 1931, 1937, 1954, 1960 og 1972 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Midtøya i Norge 1:50 000 frå 1980, 1995, 2001 og 2011, Midtøy i økonomisk kartverk frå 1968 og i sjøkart frå 1957, 1968 og 1981, Midøy i sjøkart frå 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Midtøyo i bunden form.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Midtøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Den innlesne uttalen på Hordanamn tyder på at skrivemåten Mid- i sjøkarta frå 1992 og 2001 er utan talemålsgrunnlag. Sjå vedtaksbrevet når det gjeld skrivemåten av etterlekken -øy.</p>

24	Sandsøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Sandsøy	<p>Uttale: Namnet har oppskrivarforma Sandsøyo i namnesamlinga på nettstaden Hordanamn, og det er venteleg ei talemålsnær namneform. Jf. òg løpenr. 25 nedanfor.</p> <p>Skrifttradisjon: Sandsøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Sandsøya i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, 2002 og 2011 og i økonomisk kartverk frå 1968, Sandsøy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p>Høyringssvar: Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Sandsøyo i bunden form.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Sandsøy.</p> <p>Vurdering: Sjå vedtaksbrevet.</p>
25	Sandsøen	Bruk 128/2	Sandsøy	<p>Uttale: Namnet er ført opp med uttalen /sa`nnsøinó/ i bokverket Norske Gaardnavne, der det står at det står i samband med eit namn Sande, som no er borte. Bruksnamnet er nemnt med dialektskrivemåten Sandsøyo på s. 100 i Tysnes gards- og ættesoge 4 frå 1991.</p> <p>Vurdering: Jf. løpenr. 24.</p>
26	Seløya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Seløy	<p>Uttale: Øynamnet (og gardsnamnet) er nemnt med dialektskrivemåten Seløyo på s. 789 i Tysnes gards- og ættesoge 4 frå 1991.</p> <p>Skrifttradisjon: Seløy (både om øya og garden) i gradteigskart frå 1923, 1931, 1937, 1954, 1960 og 1972 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Seløya (både om øya og garden) i Norge 1:50 000 frå 1980, 1995, 2001 og 2011, Seløy i økonomisk kartverk frå 1968 og i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p>Høyringssvar: Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Seløyo i bunden form.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Seløy.</p> <p>Vurdering: Sjå vedtaksbrevet.</p>
27	Seløya / -øyna / -øyo / -øy	Gard 168	Seløy	<p>Uttale: I bokverket Norske Gaardnavne er namnet på gnr. 168 ført opp med uttalen /se`løinó/. Gardsnamnet (og øynamnet) er nemnt med dialektskrivemåten Seløyo på s. 789 i Tysnes gards- og ættesoge 4 frå 1991. I Norske Gaardnavne står det at førelekkjen kjem av dyrenemnet selr m. 'sel, kobbe'.</p> <p>Skrifttradisjon: Seløen i 1886-, 1906- og 1950-matrikkelen, Sæløen og Seløyi i gjeldande matrikkel. Sjå elles løpenr. 26 ovanfor.</p> <p>Høyringssvar: Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Seløyo i bunden form.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Seløy.</p> <p>Vurdering: Sjå vedtaksbrevet.</p>
28	Sæløen	Bruk 168/1	Seløy	Jf. løpenr. 26 og 27
29	Sæløen	Bruk 168/2	Seløy	Jf. løpenr. 26 og 27
30	Seløyi	Bruk 168/4	Seløy	Jf. løpenr. 26 og 27

31	Teistøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Teistøy	<p><u>Uttale:</u> Namnet er skrive Teistøyo i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 3 (1989), s. 597, og det er venteleg ei talemålsnær namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Teistøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Teistøya i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, 2002 og 2011 og i økonomisk kartverk frå 1968, Teistøy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyingsvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Teistøyo i bunden form.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Teistøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Førelekken i namnet er fuglenemnet teist m. 'Cepphus grylle', som har teist og teiste som rettskrivingsformer, og skrivemåten Teist- er dermed i samsvar med både rettskrivinga og uttalen. Sjå vedtaksbrevet når det gjeld skrivemåten av etterlekken -øy.</p>
32	Tolløy / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Tolløy	<p><u>Uttale:</u> Namnet står ikkje i namnesamlinga frå Tysnes på Hordanamn, men eit avleitt namn Tolløyvågen har uttalen /táll`øyvå:gøn/, og ei mindre nabøøy har uttalen /lit`latålløyo/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Tolløy i gradteigskart frå 1923, 1931, 1937, 1954, 1960 og 1972 og i Norge 1:50 000 frå 1952 (ikkje nytta i seinare utg.), Tolløy òg i økonomisk kartverk frå 1968 og i sjøkart frå 1955, 1970, 1981, 1991 og 2000.</p> <p><u>Høyingsvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Tolløyo i bunden form.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tolløy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå vedtaksbrevet.</p>
33	Vattarøya / -øyna / - øyo / -øy	Øy i sjø	Vattarøy	<p><u>Uttale:</u> I bokverket Norske Gaardnavne er namnet på gnr. 138 ført opp med uttalen /va`ttarøinó/. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 4 (2006), s. 597 står det at uttalen er Vatterøyo, og at namnet må vera ei forkorta utgåve av "Vattedalsøyo". Pr. telefon opplyser grunneigaren på bruk 139/1 uttalen /vat`tarøyo/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Vattarøy i gradteigskart frå 1923, 1931, 1937, 1954, 1960 og 1972 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vattarøya i Norge 1:50 000 frå 1980, 1995, 2001 og 2011, Vattarøy i økonomisk kartverk frå 1968 og i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001. Gardsnamnet på gnr. 138 er skrive Vatterøen i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Høyingsvar:</u> Kommunen og Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten Vatterøyo. Kommunen skriv at Vatterøyo er tidlegare felleseige for garden Vattedal, og vart matrikulert som eigen bruk 138/1, som har matrikkelnamnet Vatterøen. Dei meiner at namnet difor må skrivast med e.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vattarøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

33	Vatterøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø		<p><u>Vurdering:</u> Skriftradisjonen for Vattar- med -ar- er temmeleg eintydig i offentleg kartbruk, og både uttaleopplysninga i Norske Gaardnavne og frå grunneigaren på bruk 139/1 stadfester at uttalen av samansetningsfuga er med -ar-. Frå garden Vattedal er òg namnet Vattarelva /vat`tarèlvo/ notert, noko som indirekte òg understøttar at uttalen er /vat`tar-/ i øynamnet. Argumentet frå kommunen tyder på at dei meiner at den fordanska matrikkelforma av namnet bør vera retningsgjevande for skrivemåten i dette tilfellet, men § 4 i lova tilseier som elles at uttalen skal vera utgangspunktet for normeringa. Det gjeld serleg når Vattar- òg har sterk skriftradisjon, og det same tilseier pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Sjå elles vedtaksbrevet når det gjeld endinga -øy.</p> <p>Vattarøy vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
34		Gard 138	Vattarøy	Jf. løpenr. 33
35	Vatterøen	Bruk 138/1	Vattarøy	Jf. løpenr. 33
36	Vattarøysund	Sund i sjø	Vattarøysundet	<p><u>Uttale:</u> Pr. telefon med Kartverket opplyser grunneigaren på bruk 139/1 uttalen /vat`tarøysundə/.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet får skrivemåten -sundet i bunden form i samsvar med uttalen, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
37	Vernøya / -øyna / -øyo / -øy	Øy i sjø	Vernøy (hovudnamn) / Verno (undernamn)	<p><u>Uttale:</u> Namnet på gnr. 77, som ligg her, er ført opp med uttalen /væ`rnøinó/ i bokverket Norske Gaardnavne. Eigaren av bruk 77/2 opplyser pr. telefon med Kartverket at /ve:r`no/ vert brukt i lokalt talemål.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Vernøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vernøya i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001 og 2010, Vernøy i økonomisk kartverk frå 1968 og i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Vernøy i ubunden form, og skriv at hovudøya har gjeve namn til garden Vernøy, som òg er i ubunden form. Dei meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo. Reksteren Øylag skriv at Vernøy og Litla Vernøy i ubunden form er brukt i daglegtalen både no og tidlegare.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vernøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

37	Verno	Øy i sjø		<p>Vurdering: I bygdeboka Tysnes gards-og ættesoge 2 (1987), s. 672 står det at Verno er lokalt namn på gard 77 (sjå løpenr. 38 nedanfor). Det er litt uklart kva som er det opphavlege namnet, og om øy- og gardsnamnet har vore det same. /væ`rnøi(n)ó/ kan vera den tradisjonelle uttalen av sjølve øynamnet der garden ligg, ev. kan /væ`rnøi(n)ó/ vera ei nyare, forklarande namneform på øya som delvis òg har gått over på garden. Det er uansett påfallande at uttalen Verno ikkje er nemnd i Norske Gaardnavne, men eldre skriftformer som Vernenn frå 1567 og Vermoe frå 1610 understøttar likevel ein gamal tradisjon for Verno. Det kan heller ikkje utelukkast heilt at Verno kan vera ei samandraging av Vernøyno, men det er lite truleg, jf. dei eldre skriftformene og dei sterke avleiingane Vernaneset og Vernaflua. På s. 672 i den nemnde bygdeboka kan det elles sjå ut som dei heilt lokalt ikkje brukar øynamnet noko serleg, jf. at Litla Vernøy der er nemnd som "Øyo (Litle-Vernøy eller Storøen)". Venteleg har det vore lite grunn til å skilja lokalt mellom Verno i øynamnet og Vernøy(no) i gardsnamnet, slik at folk har brukt anten Verno eller Vernøy(no) om både delar. Sidan det lokalt er ynske om Vernøy som skrivemåte, og den namneforma både har talemålsgrunnlag og heilt dominerande skrifttradisjon i dag, er det grunnlag for å fastsetja det som hovudnamn, medan Verno kan fastsetjast som undernamn for å ta vare på det som kanskje er den mest opphavlege namnetradisjonen. Sjå elles vedtaksbrevet når det gjeld skrivemåten -øy i hovudnamnet. Vernøy vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Verno vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
38	Vernøya	Gard 77	<p>Vernøy (hovudnamn) / Verno (undernamn)</p>	<p>Uttale: Namnet på gnr. 77 er ført opp med uttalen /væ`rnøinó/ i bokverket Norske Gaardnavne. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 2 (1987), s. 672 står det derimot at daglegnamnet på garden er Verno, og at det "mest heilt sikkert ikkje [har] noko med 'øy' å gjera, men at det nok kjem av vernd f. 'vern, avskjerming, forsvar', slik det står i Norske Gaardnavne, der det er synt til ei lun skipshamn mellom Vernøy og Reksteren. I den nemnde bygdeboka vert det lagt til at folk på garden i dag skriv Vernøy. I boka Tysnes - det gamle Njardarlog 2 (1975), s. 632 står det "i Vernøy eller Verno som det heiter i daglegtalen". Eigaren av bruk 77/2 stadfester pr. telefon med Kartverket bruken av /ve:r'no/ i lokalt talemål.</p> <p>Skrifttradisjon: Vernøen i 1886-, 1906- og 1950-matrikkelen, Vernøen og Vernøy i gjeldande matrikkel. I bygdeboka vert det nemnt fylgjande eldre skrifttradisjon: Værn og Værnd i 1463, Værøn i 1519, Veenn i 1563, Vernn og Wernenn i 1567, Wærn i 1597, Vermoe i 1610, Wernøen i 1624, Wernøe i 1665, Wærnøen i 1723, Wernøen i 1802 og Wærnøen i 1866.</p> <p>Høyingsssvar: Tveit bygdelag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Vernøy i ubunden form, og skriv at hovudøya har gjeve namn til garden Vernøy, som òg er i ubunden form. Dei meiner at det ikkje er rett med endinga -øyo. Reksteren Øylag skriv at Vernøy i ubunden form er brukt i daglegtalen både no og tidlegare.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Vernøy.</p> <p>Vurdering: Jf. løpenr. 37.</p>

39	Vernøen	Bruk 77/1	Vernøy	Jf. løpenr. 37
40	Vernøy	Bruk 77/2	Vernøy	Jf. løpenr. 37
41	Vernøen	Bruk 77/3	Vernøy	Jf. løpenr. 37
42	Vernøya, litla / Litla Vernøya / Litlavernøya / -øyna / - øyo / -øy	Øy i sjø	Litla Vernøy	<p><u>Uttale:</u> Namnet er lese inn med uttalen /lit`la()vèrn`øyo/ i namnesamlinga på nettstaden Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I Vernøy i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, litla Vernøya i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001, Litla Vernøya i utgåva frå 2010, Litle Vernøy i økonomisk kartverk frå 1968, I Vernøy i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tveit bygdalag ynskjer skrivemåten -øyo. Kommunen ynskjer skrivemåten Litla Vernøy i ubunden form, og syner til at namnet er avleitt av namnet på hovudøya Vernøy. Reksteren Øylag skriv at Litla Vernøy i ubunden form er brukt i daglegtalen både no og tidlegare.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Litla Vernøy.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vedtaksbrevet og løpenr. 37. På denne staden er det ikkje noko talemålsgrunnlag for eit ev. undernamn *Litla Verno. Skrivemåten Litla med -a vert fastsett i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p>
43	Lille Vernøen	Bruk 77/8	Litla Vernøy	Jf. løpenr. 37 og 42
44	Dalsgård	Gard 83	Dalen (sidenamn) / Dalsgård (sidenamn)	<p><u>Uttale:</u> Namnet på gnr. 83 er ført opp med uttalen /da`len/ i bokverket Norske Gaardnavne. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge bd. 2 (1987), s. 478 står det at "dei siste hundre åra har det aldri vore sagt anna enn Dalen, og då på Dalen."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Dalsgaard i 1838-, 1886-, 1906-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Dalsgård i 1950-matrikkelen og i økonomisk kartverk frå 1968, Dalen i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973, Dalen òg i Norge 1:50 000 frå 1952, 1981, 1995, 2001 og 2010. Av eldre skrifttradisjon nemner Norske Gaardnavne Dallen frå 1610, Dalle frå 1612 og Dallen frå 1723.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Grunneigar Kjell-Henning Vinje uttalar seg ikkje direkte om gardsnamnet, men skriv at han ynskjer Dalsgårdveien som adressenamn. Reksteren Øylag ynskjer skrivemåtane Dalen og Dalsgård. Kommunen går inn for Dalsgård, og peikar på at Dalsgård òg er brukt i matriklen og i økonomisk kartverk. Dei syner vidare til at Dalen er brukt om gnr. 64 i Uggdal, der vegen òg har offisielt adressenamn Dalsvegen, medan dei ynskjer å bruka Dalsgårdsvegen som adressenamn på denne staden.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at det i Norske Gaardnavne er /da`len/ som er notert som uttaleform og som eineform i den munnlege stadnamntradisjonen, og dei tilrår at Dalen vert fastsett som offisiell gardsnamnform.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

44	Dalsgard	Gard 83		<p><u>Vurdering:</u> Både den eintydige talemålstradisjonen for Dalen og den eldre skrifttradisjonen for namnet tyder på at Dalen er det gamle namnet på denne garden, og at namneforma Dalsgård i matriklane fyrst vart dominerande i skrift ein gong mellom 1723 og 1838. Som kommunen er inne på, er det ein forvekslingsfare mellom gardsnamnet Dalen her på Reksteren og Dalen på Tysnesøya, og det kan vera noko av grunnen til at ein i matriklane valde å endra namnet på gnr. 83 frå Dalen til Dalsgård. Men det ser ut til at ei slik endring ikkje har fått fotfeste i lokalt talemål før ev. no heilt i nyare tid, noko ein ser både av uttaleopplysningane i bygdeboka, i Norske Gaardnavne og av ymse sekundærnamn ved garden, slik som Dalstuva, Dalsnuken og Dalsvatnet. Gardsnamnet Dalen har ein levande tradisjon lokalt, det har vore i offentleg bruk fram til i dag i kart, og det har ein funksjon som primærnamn for avleidde naturnamn på Dals- i nærleiken. Namnet har difor vern etter stadnamnlova som nedervt namn, og det er ikkje rom i lova for å fjerna namnet frå offentleg bruk. Spørsmålet i saka er fyrst og fremst om Dalsgård/Dalsgard òg skal vera i offentleg bruk, og kva skrivemåte dét namnet ev. skal ha. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 2 (1987), s. 478 står det at det i ei jordebok frå 1624 vart skrive Dallenn om kyrkjegodset, og Dalsødegaardt om Lyseklostergodset, og bygdeboka meiner at det siste seinare kan ha vorte til skriftforma Dalsgård. Namneforma -gård i staden for -gard, som det heiter elles i målføret lokalt, tyder òg på at namnet har skriftleg opphav, og at det ikkje er vakse fram av munnleg tradisjon, slik tilfellet er for Dalen. Skrifttradisjonen for Dalsgård har vore sterk dei siste to hundre åra i og med bruken i matriklane, og når det lokalt er ynske om namnet, må det leggjast vekt på. (Framh.)</p>
44	Dalen	Gard 83		<p><u>Vurdering framh.:</u> Skrifttradisjon åleine kan etter lova vera grunnlag for offentleg bruk, jf. § 2 bokstav d: "nedervd stadnamn: stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar". Ettersom matrikkelforma òg er ynskt lokalt, og ho i dag har ein lokal bruk utover å stå i matrikkelen, er det rom i lova for å vidareføra dette gardsnamnet òg. Namneforma Dalsgard med -gard ser ikkje ut til å ha nokon munnleg eller skriftleg tradisjon, og er difor ikkje verd å vurdera nærmare i denne saka. Sidan namneforma Dalen òg er viktig å ta vare på, medan namneforma Dalsgård ligg til grunn for adressenamnet på staden, synest det mest tilrådeleg at dei to namna vert sette som sidenamn.</p> <p>Dalen vert fastsett som skrivemåte av det eine namnet i samsvar med talemålstradisjonen og skrifttradisjonen i kart, jf. § 1 og 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Dalsgård vert fastsett som skrivemåte av det andre namnet på garden i samsvar med skrifttradisjonen i matriklane og lokale ynske, jf. § 1 og 4 i lova. Båe namn vert sette som sidenamn.</p>

45	Dalsgaard Øvre / (Øvre) Dalsgard / (Øvre) Dalsgård / Dalen	Bruk 83/1	Øvre Dalsgård (hovudnamn) / Øvste Dalen (undernamn)	<u>Skrifttradisjon</u> : Dalsgaard øvre i 1886-, 1906-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Dalsgård øvre i 1950-matrikkelen. "Øvre" har vore brukt som del av bruksnamnet på bruk 83/1 sidan 1885, då bruk 83/3 Midtre Dalsgård vart skilt ut som eige bruk. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 2 (1987), s. 485 er "Øpstedalen" brukt om 83/1. Dette er nok daglegnamnet på bruket, og det er naturleg å normera til Øvste Dalen i samsvar med rettskrivinga, jf. gardsnamnet Dalen (løpenr. 44). Men sidan eigaren på bruk 83/1 har gjeve uttrykk for at han ynskjer Dalsgårdsnamnet, synest det mest naturleg at Øvre Dalsgård i tråd med skrifttradisjonen vert sett som hovudnamn, medan Øvste Dalen i tråd med den munnlege tradisjonen vert ståande som undernamn. Øvre Dalsgård vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Øvste Dalen vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. løpenr. 44 og § 4 i lov om stadnamn.
	(Dalsgård midtre)	Bruk 83/7	Midtre Dalsgård (hovudnamn) / Midtre Dalen (undernamn)	<u>Skrifttradisjon (på bruk 83/3)</u> : Dalsgaard midtre i 1886-, 1906-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Dalsgård midtre i 1950-matrikkelen. <u>Vurdering</u> : TUNET på tidlegare bruk 83/3 vart skilt ut som bruk 83/7 i 2007, medan resten av 83/3 vart slege saman med bruk 83/1 året etter. Namnet på det som var 83/3 må difor no vidareførast på den eksisterande eigedomen 83/7, som finst i dag. Eigarane der opplyser pr. telefon med Kartverket at dei berre kjenner namnet Dalsgård, ikkje Dalen, og at dei difor føretrekkjer Dalsgårdsnamnet. Det verkar soleis rimeleg å vidareføra Midtre Dalsgård som hovudnamn her, medan Midtre Dalen vert sett som undernamn. Då kjem dei registrerte namna her òg på linje med namna på bruk 83/1. Midtre Dalsgård vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Midtre Dalen vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. løpenr. 44 og § 4 i lov om stadnamn.

46	Bårdsund	Sund i sjø	Bårdsund	<p>Uttale: Namnet har i namnesamlinga på nettstaden Hordanamn oppskrivarforma Bårdsund, noko som venteleg er ein uttalenær skrivemåte. Det same tyder bruken av Bårdsund og Bårsund i bygdebokverket Tysnes gards- og ættesoge på, der stadnamn elles i stor grad er skrivne med dialektnære skrivemåtar.</p> <p>Skriftradisjon: Bårdsund i gradteigskart frå 1923, 1931, 1937, 1954, 1960 og 1972 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Bårdsundet i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1997 og 2008, Bårdsund i økonomisk kartverk frå 1968, Baardsund i sjøkart frå 1919 og 1936, Baardsd i sjøkart frå 1948, 1959, 1972 og 1989, Bårdsund i sjøkart frå 1999 og 2009.</p> <p>Høyringsvar: Reksteren Øylag skriv at Bårdsund i ubunden form er det som er nytta i dagleg bruk både no og tidlegare, og dei ynsker at det vert fastsett som skrivemåte. Kommunen skriv at namnet bør skrivast i ubunden form etter lokal uttale.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Bårdsundet. Dei jamfører med andre namneformer i SSR frå Tysnes, t.d. Leiasundet, Marøysundet, Årabladsundet og Grunnasundet. Namnet Bårdsund(et) er ikkje med i namnesamlinga på nettstaden Hordanamn, men dei syner til at ein haug i nærleiken av sundet er registrert med uttalen Bårhauen, der Bår- er utan fuge-s, og endinga -hauen er i bunden form.</p> <p>Vurdering: Utgangspunktet for normering er den nedervde uttalen av det konkrete namnet saka gjeld, so ein uttale i bunden form i andre naturnamn tilseier ikkje i seg sjølv at dette namnet òg skal ha bunden form. Jamvel om det kan finnast visse mønster som viser kva som er vanlegast, kan dette variera frå namn til namn. Reksteren Øylag opplyser at namnet har ubunden form i lokalt talemål, og mykje av skriftradisjonen ser ut til å støtta opp under det dei opplyser. Kartverket legg difor det til grunn for normeringa av namnet.</p> <p>Kartverket fastset Bårdsund som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
47	Natavik / Natavika	Bruk 99/13	Natavik	<p>Uttale: Namnet er lese inn med uttalen /na:ˈtavi:ko/ i den lokale namnesamlinga på nettstaden Hordanamn. Den same uttalen tyder dialektskrivemåten Natavikjo i bygdebokverket Tysnes gards- og ættesoge på.</p> <p>Skriftradisjon: Natavik i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1981, 1995, 2002 og 2011, Natvik i 1950-matrikkelen, i gjeldande matrikkel og i økonomisk kartverk frå 1968, Natavik i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001.</p> <p>Høyringsvar: Kommunen skriv at grunneigarane ikkje har kome med høyringsvar, men at dei i tidl. korrespondanse har gjeve uttrykk for at dei meiner Natavik er rett skrivemåte. Kommunen nemner den lokale uttalen Natavikjo, og skrivemåten Natvik i matrikkelen, men dei går òg inn for skrivemåten Natavik.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Natavik. Når det gjeld skrivemåten -vik i ubunden form, jamfører dei med tilrådinga om -øy i øynamna.</p> <p>Vurdering: Sjå nedanfor.</p>

47	Natvik	Bruk 99/13		<p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det både vurderast om førelekken skal skrivast Nat- eller Nata-, og om etterlekken skal ha ubunden eller bunden form. Uttalen av namnet tilseier Nata- i førelekken, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Når det gjeld etterlekken, er det sterk skriftradisjon for -vik i ubunden form både i kart og matriklar, og både kommunen og Språkrådet går inn for -vik. I rettleiinga til den gamle forskrifta om skrivemåten av stadnamn stod det presisert at bunden eller ubunden form kan brukast i m.a. gards- og bruksnamn, og på Sør-Vestlandet er det ein regional normeringspraksis for skrivemåten -vik i gardsnamn både der uttalen har bunden og ubunden form, altså tilsvarande som for -øy/-øya, jf. vedtaksbrevet.</p> <p>Natavik vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, skriftradisjonen til namnet og regional normeringspraksis.</p>
49	Skiparvik	Gard 103	Skipavik	<p><u>Uttale:</u> Namnet på gnr. 103 oppført med oppslagsforma Skipevik og uttalen /sjé`pavíqó/ i bokverket Norske Gaardnavne, der det står at førelekken kjem av skip n. 'skip, større farty'. I bygdeboka er namnet skrive med dialektskrivemåten Skjepavikjo, og der meiner forfattaren at førelekken kjem av å <i>skipa</i>.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Skipevik i 1886-, 1906-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Skipervik i 1950-matrikkelen, Skippervik i økonomisk kartverk frå 1968, Skipavik i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Skiparvik i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2002 og 2011.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Skjepavikjo i samsvar med uttalen både i namnet på garden og vika, og skriv at dei vil gå inn for Skjepaviksvegen som vegnamn til staden. Knut Jarle og Sigfrid Helland, grunneigarar på bruk 103/1, meiner at rett skrivemåte på gnr. 103 og vika attmed er Skjepavikjo i samsvar med uttalen. Dei viser til at namnet har vore skrive på ulike måtar. Dei meiner namnet kjem av å <i>skipa</i> 'lasta på farty', og viser elles til at Skjepavikjo vert brukt om garden i bygdeboka.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skipavik. Dei peikar på at den eine av grunnreglane for normering i § 4 i stadnamnlova er at skrivemåten skal fylgja dei gjeldande rettskrivingsprinsippa, og det gjer at dei ikkje kan tilrå skrivemåtar som Skjepa-. Når det gjeld etterlekken -vik, jamfør dei med skrivemåten Natavik. Dei noterer at namnet i somme kjelder er skrive Skiparvik(a) med -ar-, men det er det ikkje grunnlag for -ar- i den nedervde, lokale uttalen. For det avleidde adressenamnet tilrår dei skrivemåten Skipavikvegen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

49	Skipavika	Gard 103		<p><u>Vurdering:</u> Førelekken i namnet må koma av det ålment kjende ordet skip n., og ikkje av det avleidde verbet å skipa, for verb får e-fuge i samansetningar, noko som ville ha gjev */sje: `pevikø/ som uttale lokalt. Som Språkrådet peikar på, står det i § 4 i stadnamnlova at skrivemåten av stadnamn skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, og i § 1 fyrste ledd i lova står det at ålment kjende ord og namneledd skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. Det tilseier skrivemåten Skip- i samsvar med Språkrådet si tilråding. Skriftradisjonen i offentleg bruk er òg eintydig med skrivemåten Skip- med i. Det er derimot rom for samansetningsmåten Skipa- med -a- i samsvar med dialektuttalen, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Når det gjeld etterlekken i gardsnamnet, er skriftradisjonen for -vik i ubunden form eintydig. Vurderingane kring bunden eller ubunden form vert difor like som for Natavik (løpenr. 48) i dette namnet, men med den skilnaden at ubunden form står endå sterkare i namnet Skipavik. Me syner elles til det me har skrive under Natavik om normeringspraksisen for -vik i gardsnamn som endar på -vik(a) elles i regionen. Skipavik vert fastsett som skrivemåte for offentleg bruk i samsvar med Språkrådet si tilråding, jf. § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>
50	Skipevik / Skipavik / Skipavika	Bruk 103/1	Skipavik	Jf. løpenr. 49

51	Skiparvika / Skipavika	Våg i sjø	Skipaviksvågen (hovudnamn) / Skipavika (undernamn)	<p>Uttale: I den lokale namnesamlinga på Hordanamn står det Kjerafjorden som namn på den inste vika, og uttalen /kɛ:ˈrafjo:r'n/ er innlesen der. I bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 3 (1989), s. 431 står det at vågen inn frå Humlevika heiter Skjepaviksvågen, og at pollen eller fjordarmen innom det tronge sundet Straumen heiter Kjerafjorden.</p> <p>Skrifttradisjon: Skipaviki i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Skiparvika i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2002 og 2011, Skiparv^k i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001, Skiparvika i sjøkart frå 2011 og 2015. Skipaviksvågen er brukt i avisa Sunnhordland frå 23.03.2000.</p> <p>Høyringsvar: Kommunen ynskjer skrivemåten Skjepavikjo i samsvar med uttalen både i namnet på garden og vika.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Skipavik.</p> <p>Vurdering: Som det står i bygdeboka, er vågen i dag kalla Skipaviksvågen ("Skjepaviksvågen"), og det namnet har nok teke meir eller mindre over for Skipavik(a) ettersom gardsnr. 103 òg heiter Skipavik. Det er likevel verdt å leggja merke til at Skipaviki eller Skipavika har vore i vedvarande bruk i kart dei siste hundre åra, og at kommunen òg ynskjer namneforma Skjepavikjo, noko som kan tyda på at namneforma utan -vågen framleis har ein viss bruk i naturnamnet òg, og ikkje berre i gardsnamnet. Den lokale bruken av Skipaviksvågen i dag bør likevel vega tyngst, slik at den namneforma vert sett som hovudnamn. Det gjev òg ein meir differensiert namnebruk. Skipavik- får s-fuge i samansetningar, noko me òg ser av kommunen sitt innspel om Skjepaviksvegen som adressenamn. Skipaviksvågen vert fastsett som hovudnamn i samsvar med lokal namnebruk i dag, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skipavika vert fastsett som undernamn i samsvar med skrifttradisjonen for namnet på denne vågen, jf. § 4 i lova.</p>

52	Ve	Namnegard, gnr. 89 og 90	Ve	<p><u>Uttale:</u> I bokverket Norske Gaardnavne står /vé/ oppført som uttale, og det står at namnet kjem av gamalnorsk vé n. 'heilagdom, heilag stad'.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Ve i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1981, 1995, 2002 og 2011. Sjå òg høvesvis gard 89 og 90 nedanfor.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Øykjaskoro Vel meiner at Vee er rett skrivemåte, og dei syner til etternamnet Vee. Margrethe og Harald Hægland, tidl. eigarar av bruk 90/2, ynskjer skrivemåten Vee. Erling Gurvin, eigar av bruk 90/1, ynskjer òg skrivemåten Vee. Han viser til at dei som har namnet som etternamn, nyttar skrivemåten Vee. Vidare skriv han at Wee med w vart brukt frå 1665 og fram til 1840, då Vee overtok. Han har lagt ved nokre gamle dokument frå 1700- og 1800-talet der Wee eller Vee er brukt. Fredny og Jan Vee, eigarar av bruk 90/3, vil ha Vee som skrivemåte i gardsnamnet, men Visshagen, Vissstølen og Vissøyo som skrivemåte av avleidde naturnamn. Dei viser til at gardsnamnet i gamle kjelder er skrive Vee, og til skrivemåten av slektsnamnet. Kommunen støttar grunneigarane sine høyringsvar om Vee, og meiner at garden frå gamalt av har vorte skrive med to e-ar.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ve. Dei peikar på at den eine av grunnreglane for normering i § 4 i stadnamnlova er at skrivemåten skal fylgja dei gjeldande rettskrivingsprinsippa, og det gjer at dei ikkje kan tilrå skrivemåtar som Vee-. Dei peikar elles på at skrivemåtane Ve (Ve ytre og Ve indre) er nytta i 1906-matrikkelen, og på at skrivemåten Ve er brukt i to skyldskiftedokument frå 1964 og 1970.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
52	Vee	Namnegard, gnr. 89 og 90		<p><u>Vurdering:</u> Som Språkrådet peikar på, skal norske stadnamn fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp, og bruken av dobbelt-e for å markera lang vokal bryt klart med norske rettskrivingsprinsipp, der ein ikkje markerer lange vokalar, men i staden nyttar dobbeltkonsonant for å markera føregåande kort vokal. Rettskrivinga var ei heilt anna på 17- og 1800-talet enn i dag, og dei fleste stadnamn hadde difor ein annan skrivemåte då enn kva dei har i dag. Skrivemåten i kart og matriklar (sjå òg løpenr. 53 og 58 nedanfor) dei siste hundre åra er nesten heilt eintydig når det gjeld bruken av skrivemåten Ve, og det er dermed heller ikkje grunnlag for bruk av unntaksregelen i § 4 andre ledd i lova for bruk av Vee som skrivemåte. Som det står under rettsleg grunnlag i vedtaksbrevet, skal skrivemåten av slektsnamn ikkje verka inn på skrivemåten av stadnamn. Skrivemåten Ve vert fastsett i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>

53	Ytre Ve / Ytre Vee	Gard 89	Ytra Ve	<p><u>Uttale:</u> Namnet er skrive Ytra-Ve i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 3 (1989), s. 85, og det er venteleg ei talemålsnær namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Ve ytre i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, yt Ve i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vee ytre i økonomisk kartverk frå 1968.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Ytre Vee.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ytre Ve.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 52. Skrivemåten Ytra med -a i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p>
54	Ve Ytre / Ytre Ve(e)	Bruk 89/1	Ytra Ve	Jf. løpenr. 52 og 53
55	Ve Ytre / Ytre Ve(e)	Bruk 89/2	Ytra Ve	Jf. løpenr. 52 og 53
56	Ve Ytre / Ytre Ve(e)	Bruk 89/3	Ytra Ve	Jf. løpenr. 52 og 53
57	Ve Ytre / Ytre Ve(e)	Bruk 89/4	Ytra Ve	Jf. løpenr. 52 og 53
58	Indre Ve / Indre Vee	Gard 90	Indra Ve	<p><u>Uttale:</u> Namnet er skrive Indra-Ve i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 3 (1989), s. 103, og det er venteleg ei talemålsnær namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Ve indre i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, in Ve i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vee indre i økonomisk kartverk frå 1968.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Indre Vee. Øykjaskoro Vel meiner at Vee er rett skrivemåte for gardsnamnet på gard 89 og 90, og dei legg til at Vee er brukt av alle som bur på staden og har Vee som etternamn.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Indre Ve.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 52. Skrivemåten Indra med -a i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p>
59	Ve Indre / Indre Ve(e)	Bruk 90/1	Indra Ve	Jf. løpenr. 52 og 58
60	Ve Indre / Indre Ve(e) / Austre Ve(e)	Bruk 90/2	Indra Ve	Jf. løpenr. 52 og 58
61	Ve Vestre / Vestre Ve(e)	Bruk 90/3	Vestra Ve	<p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Vestre Vee.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 52 og 58.</p>
62	Veetun / Vetun	Bruk 90/21	(går ut)	Namnet går ut av saka. Dette er ein nyare bustadeigedom, og bruksnamnet er ikkje å rekna som eit nedervt namn.
63	Veetun 2 / Vetun 2	Bruk 90/25	(går ut)	Namnet går ut av saka, jf. løpenr. 62.

64	Vevatnet / Veevatnet / Vevatnevatnet / Veevatnevatnet	Vatn	(går ut)	Namnet går ut av saka. Namnet knyter seg til gnr. 118 Vevatna, ikkje til gnr. 89 eller gnr. 90.
65	Vevatn / Veevatn / Vevatna / Veevatna	Gard 118	(går ut)	Namnet går ut av saka, jf. løpenr. 64.
66	Vesøyane / Veeseøyane	Øygruppe i sjø	Veseøyane	<p><u>Uttale:</u> I eit høyringssvar opplyser Fredny og Jan Vee at uttalen er Vissøyo, då venteleg med tanke på den største av øyane.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Visøyane i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vesøyane i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, 2002 og 2011 og i sjøkart frå 1957, 1968, 1981, 1992 og 2001. Kvar av øyane står med namneformene Litle Veeseøy og Store Veeseøy i økonomisk kartverk frå 1968.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Veeseøyane. Fredny og Jan Vee ynskjer skrivemåten Vissøyo, og skriv at det har forankring i gamle kjelder.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet peikar på at det vert stadfest i høyringssvaret frå Fredny og Jan Vee at det lokalt er nytta genitivs-s i dette namnet, jf. at dei nemner Vissøyo som uttale. Språkrådet tilrår på det grunnlaget skrivemåten Vesøyane, jf. punkt 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no punkt 6 i dei utfyllande reglane).</p> <p><u>Vurdering:</u> Den nedervde, lokale uttalen Viss- (Véss-) i samansetningar av gardsnamnet Ve har tidlegare gjeve seg utslag i skrivemåten Visøyane i gradteigskart, men det fylgjer av § 4 tredje ledd i stadnamnlova at skrivemåten må vera Ves-: "Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta." Som Språkrådet peikar på, er dette eigentleg berre ei vanleg samansetning av gardsnamnet Ve med genitivs-s, noko som tilseier skrivemåten Vesøyane. Vesøyane vert fastsett i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
67	Litla Vesøya / Litla Veeseøya	Øy i sjø	Litla Vesøy	<p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Litla Veeseøyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Litla Vesøya, jf. punkt 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no punkt 6 i dei utfyllande reglane).</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket gjer den same vurderinga her som for andre øynamn, som òg får skrivemåten -øy, jf. vedtaksbrevet. Skrivemåten Litla med -a i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p>
68	Stora Vesøya / Stora Veeseøya	Øy i sjø	Stora Vesøy	<p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Stora Veeseøyo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stora Vesøya, jf. punkt 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no punkt 6 i dei utfyllande reglane).</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vedtaksbrevet og løpenr. 66 og 67.</p>

69	Vestølen / Veestølen / Vesstølen / Veesstølen	Seter/støl	Vesstølen	<p><u>Uttale:</u> I eit høyringssvar opplyser Fredny og Jan Vee at uttalen er Vissstølen.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Vistølen i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vestølen i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2002 og 2011, Ve-stølen i økonomisk kartverk frå 1968.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Høyringssvar: Kommunen ynskjer skrivemåten Veestølen. Dei skriv at Veesøyane krev binde-s, men at binde-s kan sløyfast i Veestølen sidan etterlekken -stølen byrjar på s. Fredny og Jan Vee ynskjer skrivemåten Vissstølen, og skriv at det har forankring i gamle kjelder.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet peikar på at det vert stadfest i høyringssvaret frå Fredny og Jan Vee at det lokalt er nytta genitivs-s i dette namnet, jf. at dei nemner Vissstølen som uttale. Språkrådet tilrår på det grunnlaget skrivemåten Vesstølen, jf. punkt 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no punkt 6 i dei utfyllande reglane).</p> <p><u>Vurdering:</u> Som det går fram av namnet Vesøyane, får gardsnamnet Ve genitivs-s i samansetningar. Etter norske rettskrivingsprinsipp fell ikkje fuge-s bort i samansetningar der etterlekken òg har s. Til dømes heiter det ungdomssenter på norsk, ikkje *ungdomsenter. Det ville gje feil signal om uttalen av namnet å skriva Vee(s)-stølen i eit namn som har kort vokal i førelekken.</p> <p>Vesstølen vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
	Vee	Grunnkrins	Ve	Jf. løpenr. 52
70	Hope	Namnegard, gnr. 78 og 79	Hope	<p><u>Uttale:</u> I bokverket Norske Gaardnavne står /hó`pe/ oppført som uttale, og der står det at namnet er dativform av det gamalnorske ordet hópr m. 'lita, innestengd bukt'.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Hope i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1981, 1995, 2001 og 2010.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Harald Frøkedal og Monica L. Frøkedal, eigarar av bruk 78/1 og 5, skriv at Øvra Hope og Nera Hope er brukt i daglegtalen og som adresse. Reksteren Øylag vil ha skrivemåten Hope. Kommunen støttar grunneigarane og bygdelaget sine høyringssvar om skrivemåten, og går inn for Hope, som er ei gamal dativform.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hope.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrifttradisjonen for Hope er eintydig i nyare tid, og skrivemåten av dette namnet er uproblematisk. Namnet vart likevel teke med i saka sidan skrivemåten av avleidde namn på Hop-/Hops- skulle fastsetjast i samsvar med adressering, jf. § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn: "I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på."</p> <p>Hope vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

71	Øvra Hope / Øvre Hope	Gard 78	Øvra Hope	<p><u>Uttale:</u> Namnet er skrive Øvra-Hope i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 2 (1987), s. 649, og det er venteleg ei talemålsnær namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Hope øvre i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Hope Øvre i økonomisk kartverk frå 1968, Øvra Hope i gjeldande elektroniske kart.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Reksteren Øylag ynskjer skrivemåten Øvre Hope. Harald og Monica L. Frøkedal, grunneigarar på bruk 78/1, ynskjer skrivemåten Øvra Hope. Dei nemner at skrivemåten på ei skylddelingsforretning frå 1927 er Hope øvre, men peikar på at det er ein eldre, stivare skrivemåte enn det som er brukt i dag. I daglegtale seier dei Øvra Hope, og dei syner til at skrivemåtane Øvra og Nera Hope, Øvra-Hope og Nera-Hope er brukte i bygdeboka. Kommunen går inn for skrivemåten Øvra Hope, og skriv at Øvra Hope vert brukt i daglegtalet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Øvra Hope, og viser til § 4 i lov om stadnamn og til punkt 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no punkt 6 i dei utfyllande reglane).</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 70. Skrivemåten Øvra med -a i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p>
72	Øvre Hope	Bruk 78/1	Øvra Hope	Jf. løpenr. 70 og 71
73	Øvre Hope	Bruk 78/4	Øvra Hope	Jf. løpenr. 70 og 71
74	Nedre Hope / Nedra Hope	Gard 79	Nedra Hope	<p><u>Uttale:</u> Namnet er skrive Nera-Hope i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 2 (1987), s. 657, og det er venteleg ei talemålsnær namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Hope nedre i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Hope Nedre i økonomisk kartverk frå 1968, Nedra Hope i gjeldande elektroniske kart.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen går inn for skrivemåten Nedra Hope, og skriv at Nedra Hope vert brukt i daglegtalet. Reksteren Øylag ynskjer skrivemåten Nedre Hope.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nedra Hope, og viser til § 4 i lov om stadnamn og til punkt 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no punkt 6 i dei utfyllande reglane).</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 70. Skrivemåten Nedr- er i samsvar med rettskrivinga. Nedra med -a i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p>
75	Nedre Hope	Bruk 79/1	Nedra Hope	Jf. løpenr. 70 og 74
76	Nedre Hope	Bruk 79/2	Nedra Hope	Jf. løpenr. 70 og 74
77	Nedre Hope	Bruk 79/3	Nedra Hope	Jf. løpenr. 70 og 74
78	Nedre Hope	Bruk 79/4	Nedra Hope	Jf. løpenr. 70 og 74
79	Nedre Hope	Bruk 79/5	Nedra Hope	Jf. løpenr. 70 og 74

80	Hope	Bruk 79/14	Hope	<p><u>Høyringsvar</u>: Kommunen peikar på at bruket fekk namnet Hope i skylddelinga, og meiner at namnet ikkje bør endrast til Nedra Hope, slik Kartverket har føreslege.</p> <p><u>Vurdering</u>: Bruk 79/14 er ein skogteig på grensa mellom Nedra og Øvra Hope, og det er ikkje noko serskilt poeng i at namnet treng knytast serskilt til éin av matrikelgardane gjennom namnet.</p> <p>Hope vert fastsett som namneform i samsvar med kommunen sitt ynske, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
81	Hopsneset / Hopneset	Nes i sjø	Hopsneset	<p><u>Uttale</u>: Namnet er lese inn med uttalen /ho:ps'ne:sə/ i den lokale namnesamlinga på nettstaden Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: Hopsneset i økonomisk kartverk frå 1968, Hopneset i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001 og 2010, Hopsnæs i sjøkart frå 1919 og 1932, Hopneset i sjøkart frå 2010.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Kommunen ynskjer skrivemåten Hopsneset, og stadfester at det er binde-s i namnet.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Hopsneset, jf. uttaleopplysninga på Hordanamn og stadfestinga frå kommunen.</p> <p><u>Vurdering</u>: Skrivemåten Hopsneset med fuge-s i samsvar med uttalen fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Hopsneset vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
82	Hopsstølen	Seter/støl	Hopsstølen	<p><u>Uttale</u>: Namnet er lese inn med uttalen /ho:p'stø:l'n/ i den lokale namnesamlinga på nettstaden Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: Hopsstølen i økonomisk kartverk frå 1968.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Kommunen ynskjer skrivemåten Hopstølen, og skriv at det berre er éin s i namnet fordi namnet endar på -stølen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Hopsstølen, og presiserer at namnet bør skrivast med genitivs-s.</p> <p><u>Vurdering</u>: Som det går fram av namnet Hopsneset, får gardsnamnet Hope forma Hops- med genitivs-s i samansetningar. Etter norske rettskrivingsprinsipp fell ikkje fuge-s bort i samansetningar der etterlekken òg har s. Til dømes er ungdomssenter rett skrivemåte på norsk, ikkje *ungdomsenter.</p> <p>Hopsstølen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>

83	Hopsundet / Hopesundet / Hopssundet	Sund i sjø	Hopssundet	<p><u>Uttale:</u> Pr. telefon opplyser eigaren av bruk 77/2 uttalen /hop'sunnə/ med kort o. Namnet på sundet er skrive Hopsundet og Hopssundet i bygdeboka Tysnes gards- og ættesoge 2 (1987), t.d. på s. 148 og 672, og det er venteleg talemålsnære namneformer.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Hopsd i gradteigskart frå 1929, 1937, 1955, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Hopesundet i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001 og 2010, Hopssundet i økonomisk kartverk frå 1968.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Hopsund i ubunden form. Dei nemner at Hopsneset har binde-s, men at han i Hopsund og Hopstølen er sløyfa på grunn av endingane -sund og -stølen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hopssundet, og presiserer at namnet bør skrivast med genitivs-s.</p> <p><u>Vurdering:</u> Som det går fram av namnet Hopsneset, får gardsnamnet Hope forma Hops- med genitivs-s i samansetningar. Etter norske rettskrivingsprinsipp fell ikkje fuge-s bort i samansetningar der etterlekken òg har s. Til dømes er ungdomssenter rett skrivemåte på norsk, ikkje *ungdomsenter. Etterlekken -sund(et) i naturnamnet har bunden form i den nedervde, lokale uttalen. I bygdeboka vert det skilt mellom Hop(s)sundet om sundet og staden, og Hopsund om plassen som seinare har vorte bruk 78/5. Hopssundet vert fastsett som skrivemåte av naturnamnet i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
84	Hopsund	Bruk 78/5	Hopssund	<p><u>Skriftradisjon:</u> Hopsund i målebrevet frå 1927, i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Harald og Monica L. Frøkedal, grunneigarar på bruk 78/1, ynskjer skrivemåten Hopsund, slik namnet er skrive i skylddelingsforretninga frå 1927. Kommunen ynskjer skrivemåten Hopsund i ubunden form. Dei nemner at Hopsneset har binde-s, men meiner at han i Hopsund og Hopstølen må sløyfast på grunn av endingane -sund og -stølen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hopssundet, og presiserer at namnet bør skrivast med genitivs-s.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Hopssund- med to s-ar fylgjer av skrivemåten av namnet på løpenr. 83. Det er større rom for ubunden form i gards- og bruksnamn enn i naturnamn, og dette bruksnamnet har ein eintydig skriftradisjon for ubunden form. Det er difor rom for å koma eigarane sitt ynske om delvis i møte med å vidareføra namneforma med skrivemåten -sund.</p> <p>Hopssund vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>